






GAULAR KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE					
Møtestad:	Møterommet	Møtedato:	19.05.2011	Frå kl.:	11:00
Kommunehuset på Sande (møterom)				Til kl.:	14:00
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:					
	Møtte:	Forfall:	Merknader:		
1. Svein Myrmed, 6973 Sande i Sunnfjord. (leiar)	X				
2. Magnar Hellebust, 6978 Viksdalen (nestleiar)	X				
3. Aud Ingunn Kvile, 6973 Sande	X				
4. Per Lien, Hestagrend, 6973 Sande i Sunnfjord	X				
5. Heidi Vallestad, 6978 Viksdalen		X	Meldt same dag som møtet vart halde		
Varamedlemmer:					
	Møtte:				
1. Steinar Ness, 6978 Viksdalen.					
2. Gunnar Råheim, 6978 Viksdalen					
3. Joar Kirketeig, 6973 Sande i Sunnfjord.					
4. Mette Grytten, 6977 Bygstad.					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.					
Andre som møtte:					
SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit. Kryss-revisjon v/Kari Sygna sak 19 - 21/11. Kryss-revisjon v/Charles Litsheim 19 - 21/11. Kryss-revisjon v/Terje Førde 19 - 21/11. Rådmann Helge Følid 19 - 20/11. Økonomisjef Terje Guddal sak 19/11.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:					
SAKLISTA I MØTET:					
Sak 018/11: Skriv og meldingar					
Sak 019/11: Årsrekneskapen 2010 - Gaular kommune.					
Sak 020/11: Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt - økonomireglement Gaular kommune.					
Sak 021/11: Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen - Gaular kommune - tinging av prosjekt.					
Sak 022/11: Oppfølgingsliste 3-2011 Gaular.					
Sak 023/11: Eventuelt.					
Merknader:					
Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste					
UNDERSKRIFTER:					
6973 Sande i Sunnfjord					
 Svein Myrmed, leiar		 Aud Ingunn Kvile		 Per Lien	
 Magnar Hellebust					
 Asgeir Tveit, sekr					

018/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 10.05.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.05.2011	018/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 08-11: Vedtak kommunestyresak 04/11 Alarmsentralen S og Fj – Eigarskapskontroll.
- SM 09-11: Vedtak kommunestyresak 05/11 VAR-seksjonen sjølvkostberegning. Tinga forvaltningsrevisjon frå kontrollutvalet.
- SM 10-11: Vedtak kommunestyresak 01/11 Referatsaker.
- SM 11-11: Innkalling til representantskapen for Alarmsentralen S og Fj IKS 10.05.11.
- SM 12-11: Protokoll representantskapsmøte SUM IKS 29.04.11.
- SM 13-11: Innkalling generalforsamling SunnLab 11.04.11.
- SM 14-11: Fagkonferanse kontroll og tilsyn Gardermoen 7. – 8- juni 2011.
- SM 15-11: Vedtak kommunestyresak 047/10 Arbeidsgjevarkontrollen.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

019/11 ÅRSREKNESKAPEN 2010 - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.05.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.05.2011	019/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Gaular kommune
- Årsmelding. (Sendt frå adm.)
- Rekneskap 2010. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 11.05.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune, datert 19.05.2011.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune, datert 19.05.2011.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2010 - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Nausidai, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Gaular

Sande i Sunnfjord 19.05.2011

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2010 FOR GAULAR KOMMUNE

Årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune er handsama i kontrollutvalet i Gaular 19.05.2011.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2010.
- Årsmeldinga for 2010.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 11.05.2011.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 2,22 millionar og eit netto driftsresultat på kr. 34.723,-. Rekneskapen er gjort opp i balanse.

Driftsbudsjettet på inntektssida var kr. 176,4 millionar. Rekneskapen viser kr. 185,8 millionar.

Driftsbudsjettet på utgiftssida var kr. 175,7 millionar. Rekneskapen viser kr. 183,6 millionar.

Eksterne finanstransaksjonar var budsjettert med nettokostnad på kr. 7,0 millionar. Rekneskapen viser nettokostnad på kr. 7,5 millionar.

Brutto driftsresultatet er kr. 1,524 millionar betre enn budsjettert. Etter finanspostane og motpost avskrivning kjem ein ut med eit netto driftsresultat på kr. 0,978 millionar betre enn budsjettert.

Av årsmeldinga og rekneskapen side 28 går det fram at ansvarsområdet Helse-/sosialsjef og Næringsjef har størst avvik i høve til budsjett. For dei andre områda er avvika uvesentlege i storleik. Samla kjem ansvarsområda ut med overskriding i høve til budsjett. Kontrollutvalet merkar seg i denne samanheng revisor si presisering om kravet i forskriftene om laupande budsjettjustering når føresetnader endrar seg utover året.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Jfr. Likevel omtale til rådmannen sin omtale side 14 under pkt 3.6 Investeringar i Nybygg og nyanlegg.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Ilafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Nausidal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet merkar seg også revisor si presisering om at det ikkje er lagt fram prosjektrekneskapar i 2010, slik det er stilt krav om i Gaular kommune sitt eige økonomireglement. Revisor har også tidlegare teke opp tilhøvet. Tilhøvet er i 2011 også teka opp som eiga sak i kontrollutvalet.


Gjeldsgrada pr. 31.12.2010 82,4%. Dette er identisk med gjeldsgrada pr. 31.12.2009.


Likviditetssituasjonen synest å vere god. Gaular kommune har tilfredsstillande arbeidskapital pr. 31.12.2010

Kontrollutvalet vil utover dette vise til årsmeldinga og til kommentarane om rekneskapen.


Vi viser også til revisjonsmeldinga. Revisjonen har fire presiseringar til rekneskapen.

Med dei fire presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen 2010 for Gaular kommune kan godkjennast slik han ligg føre.


Svein Myrnes
-leiar-


Magnar Hellebust


Aud Ingunn Kvile


Per Lien

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

020/11 REKNESKAPAR AVSLUTTA INVESTERINGSPROSJEKT – ØKONOMIREGLEMENT GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.05.2011	20/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Økonomireglement Gaular kommune pkt. 9.9.9. Sluttregneskap
- Kontrollutvalet si handtering av prosjektrekneskapar innarbeid i økonomireglementet til Askvoll kommune.
- Kontrollutvalet si handtering av prosjektrekneskapar innarbeid i økonomireglementet til Førde kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 012/11.
- Økonomireglement for Gaular kommune.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Økonomireglementet for Gaular kommune pkt. 9. 9. 9. vert endra slik at det går fram av dette at avslutta prosjektrekneskapar skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.
- Det skal snarast leggjast fram sluttrapport og prosjektrekneskapar for avslutta prosjektrekneskapar i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Kontrollutvalet påpeikar at det ikkje er lagt fram sluttrapportar og sluttregneskapar for avslutta investeringsprosjekt i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune.
- Kommunestyret ber administrasjonssjefen om snarast å leggje fram sluttrapportar og prosjektrekneskapar for avslutta prosjektrekneskapar i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune.

REKNESKAPAR AVSLUTTA INVESTERINGSPROSJEKT – ØKONOMIREGLEMENT GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Fråsegn frå kontrollutvalet om rekneskapar og sluttrapportar etter investeringsprosjekt. Politisk handsaming av avslutta investeringsprosjekt.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 29.03.2011 gjorde kontrollutvalet under sak 012/11 "Orientering – teknisk sektor i Gaular" følgjande vedtak: *"Sekom-sekretariat får i oppgåve å utarbeide ei sak vedrørande politisk handsaming av prosjektrekneskapar til neste møte"*.

Saka kom opp i samband med at teknisk sektor var i kontrollutvalsmøtet og orienterte om sektoren, og det vart presentert oversikt over investeringsprosjekt i Gaular kommune. Det har ikkje vore lagt fram prosjektrekneskapar etter investeringsprosjekt på lang tid i Gaular kommune.

I økonomireglementet for Gaular kommune pkt. 9.9.9 går det fram at det skal utarbeidast sluttrekneskapar som skal handsamast av kommunestyret seinast eitt år etter at overtakingsforretning har funne stad.

Kontrollutvalet har etter § 4 i forskrift om kontrollutval ansvar for å føre det laupande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Eit element i dette bør vere å ha fast rutine på handtering av rekneskapar og sluttrapportar etter investeringsprosjekt over ei bestemt kostnadsråme.

Grensene for kor store prosjekta skal vere før dei går til handsaming i kontrollutval, formannskap og kommunestyre som eigne saker varierer mykje frå kommune til kommune. Dei fleste kommunane i samarbeidet har pr. i dag ei grense på kr. 100.000,-. Andre kommunar har sett grensa til kr. 500.000,-. Medan Førde kommune opererer med ei grense på 10.000.000,-.

Dei andre kommunane i SEKOM-samarbeidet har denne rutinen innarbeid i sine økonomireglement. Handteringa til kontrollutvalet er tilnærma lik handtering av rekneskapar til kommunale føretak og kommunerekneskapen ved at kontrollutvalet gjev ei fråsegn til rekneskapen som går vidare til formannskapet, som kan ta omsyn til kontrollutvalet si fråsegn før rekneskapen går til kommunestyret for vedtak.

Vedlagt følgjer utdrag frå Askvoll kommune og Førde kommune sine økonomireglement som viser korleis desse kommunane har innarbeidd kontrollutvalet sitt mandat til å gje fråsegn om sluttrapportar og rekneskapar etter investeringsprosjekt i sine reglement.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet ser det som føremålsteneleg å få rutinen med at kontrollutvalet skal gje fråsegn til avslutta prosjektrekneskapar innarbeid i økonomireglementet for Gaular kommune ved å endre pkt. 9.9.9. Kontrollutvalet bør i saka også be om at det snarast vert lagt fram prosjektrekneskapar til politisk handsaming for investeringsprosjekt som er avslutta.

21/11: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 10.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.05.2011	21/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Utkast tingingsdokument forvaltningsrevisjon innkjøpsfunksjonen – Gaular, datert 19.05.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 14/08, 25/10, 02/11 og 13/11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune” vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune” vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune.”

Saksopplysningar:

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 03.11.2008 i sak 014/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 04.12.2008 i sak 048/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 godkjente kommunestyret planen.

I kontrollutvalsmøte 29.03.2011 under sak 013/11 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt Vurdering innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune – endeleg val av prosjekt” valte kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen på eit generelt grunnlag.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. SEKOM-sekretariat har diskutert prosjektet med KRYSS-revisjon.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

022/11 OPPFØLGINGSLISTE 3-2011

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	20.05.2011	022/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2011 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2011 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 3-2011 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 11.05.2011.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2011 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11.
017/10 Orientering – skatteoppkrevjaren.	07.09.10		07.09.10 KU-ser behov for å auke ressursane til avd. 14.09.10 sendt kommunestyret. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 02.12.10 Vedtak kst sak 47/10 Arbeidsgjevarkontrollen.
022/10 Rapport - Egarskapkontroll	11.11.10		11.11.10 Tilråding til kst. 12.11.10 Rapport oversendt til kommunestyret. 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11: Vedtak kst sak 04/11.
05/11 Årsmelding 2010	01.02.11		01.02.11: Tilråding til kst. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.05.11 Eiterspurt evt. kst. Vedtak evt bede om at saka går til kst. 10.05.11 Stadfesta frå Gaular at vil bli hs ved første høve.
11/11 Skriv og meldingar	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teke til vitande.
12/11 Orientering teknisk sektor	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: KU tek orienteringa til vitande. KU ber Sekom utarbeide sak vedr. Politisk handsaming av prosjektrekneskapar til neste møte. 06.04.11 Brev s. Gaular kommune
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering innkjøpsfunksjonen – val av prosjekt	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU. 06.04.11: Utkast tinging s KRYSS
14/11 Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk.	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: Undersøke om kst vedtak sak 24/09 er etterlevd. 06.04.11 Tinging av undersøking s. KRYSS. 06.04.11 Brev til avsendar av oppmoding sendt. 10.05.11: Bede Gaular kommune om å få vedtak 24/09.
15/11 Oppmoding om å vurdere spørsmål om å delta i lønsforhandlingane for 2010	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: KU avstår å sjå på saka. 06.04.11 Brev til avsendar av oppmoding sendt.
16/11 Oppfølgingsliste 2-2011	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU – Teke til vitande.
17/11 Eventuelt	29.03.11		29.03.11: Vedtak: Flytt neste møte frå 8. juni til 19. mai.
18/11 Skriv og meldingar	19.05.11		
19/11 Årsrekneskapen 2010 – Gaular kommune	19.05.11		

20/11 Rekneskavar avslutta investeringsprosjekt – Øk. Reglement Gaular kommune	19.05.11		
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingingsdokument	19.05.11		
22/11 Oppfølgingsliste 3-2011 – Gaular.	19.05.11		
23/11 Eventuelt.	19.05.11		

Oppdatert 11.05.11

23/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.05.2011	23/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.